



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 38/2008

Møtedato: 18.6.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad frå stølsvegen Vaset Bru – Krokåne, kjøp av grus

Stølsvegen Vaset bru - Krokåne ynskjer å kjøpe 2.500 m<sup>3</sup> grus frå gruva ved Grøneli til utbetring av stølsvegen. I kontrakten mellom Panoramavegen og Statskog, er sal av grus avgrensa til vegar i allmenningen. Dette er eit vilkår i standardkontraktane som Statskog brukar. Det har vore vanleg at grusressursane i allmenningen har vorte prioritert for bruk i allmenningen. Det er avgrensa ressursar, som det nødvendig å reservere for internt bruk. Grustaket i Grøneli ein av ein heilt annan storleik, og det bør kunne vurderast å selja grus utanom allmenningen.

Saka vart drøfta på befaringa den 16.6.08. Fjellstyret var ikkje negative til sal av grus om ressursen er stor nok, men det bør skje etter at ein meir grundig prosess. Ei slik prosess må dokumentere kor mykje masse som er att og kva behov stølsvegane i statsallmenningen har. Etter dette kan det drøftast kven som kan kjøpe grus og kor mykje som kan seljast.

Panoramavegen har søkt Statskog om dispensasjon for å få levere grus til Stølsvegen Vaset bru – Krokåne. Stølsvegen Vaset bru – Krokåne driv med vegutbetring, og dei var ikkje klar over at kontrakten sette forbod mot å lever grus utanom allmenningen. Alternativet for stølsvegen er å hente grus i Aurdal, men dette blir eit langt dyrare alternativ. Stølsvegen er derfor avhengig av ei rask avklaring på om dei får kjøpe grus, og dei ikkje har tid til å vente på ein slik gjennomgang som Statskog og fjellstyret har skissert.

Panoramavegen opplyser at det er att 370.000 m<sup>3</sup> fast masse, dvs 555.000 m<sup>3</sup> knust masse (omrekningsfaktor 1,5). Eige forbruk er ca 2.000 m<sup>3</sup> knust masse årleg. I reguleringsplanen går det fram at det er ca 400.000 m<sup>3</sup> masse i førekosten. Over 8 år er det brukt 45.000 m<sup>3</sup> knust masse, og det gir eit årleg forbruk på 5.600 m<sup>3</sup>. Inkludert i dette forbruket er masse for opprusting av vegen frå Vaset seter til bommen ovanfor Vaset. Kommunen har vedteke vidare opprusting av denne vegen ned til Røn, og det kan derfor komma spørsmål om meir masse frå Grøneli. Om ein reknar eit forbruk på 5.000 m<sup>3</sup> årleg, vil massetaket i Grøneli kunne levere grus i 110 år framover.

Vegar i allmenningen betalar ikkje for uttak av grus i allmenningen. For vegar utanom allmenningen vil Statskog krevja marknadspris. I sak 63/2000 drøfta fjellstyret prising av veggrus for eventuelt sal til vegar utanom statsallmenningen. Fjellstyret meinte at det var nødvendig med godt vegnett for næringsutviklinga i bygda, og at det derfor er viktig at grusen ikkje vart prisa for høgt.

Tiltaket er grunndisponeringstiltak som Statskog avgjer, og fjellstyret gir uttale til søknaden.

### Vedtak:

Grunna den vanskelege situasjonen stølsvegen er i, vil fjellstyret tilråda at det blir gjeve dispensasjon for kjøp av inntil 2.500 m<sup>3</sup> masse frå gruva i Grøneli. Prisen på massen bør følgje marknadspris, men bør ikkje vera prisdrivande.

Fjellstyret vil be Statskog setja i gang ein prosess der det blir vurdert om det er mulig å selja masse frå gruva i Grøneli.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Panoramavegen  
Stølsvegen Vaset bru - Krokåne